



Fylkesmannen i
Hordaland

FORVALTINGSPLAN FOR FEDJEMYRANE LANDSKAPSVERNOMRÅDE

Fedje kommune, Hordaland


Naturkvalitetar, bevaringsmål og forvaltningstiltak



MVA-RAPPORT 2/2017

Institusjon Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga	Rapport nr. 2-2017
Tittel Forvaltingsplan for Fedjemyrane landskapsvernområde	ISBN 978-82-8060-109-4
Forfattar Solveig Kalvø Roald og Jørgen Aarø	Dato 17.11.2017
<p>Samandrag:</p> <p>Fedjemyrane vart verna som landskapsvernområde 1995 som ein del av ein tematisk verneplan for våtmark i Hordaland.</p> <p>Med denne forvaltingsplanen ønskjer vi å sikre ei langsiktig og kunnskapsbasert forvaltning av vernekvatitetane i verneområdet. Det er òg eit ønske at planen skal vere eit hjelpemiddel for grunneigarar og andre interesserte ved å vere rettleiande og utfyllande i forhold til verneforskriftene.</p> <p>Forvaltingsplanen presenterer verneverdiar og mål ved bruk av omgrepa <i>naturkvatitetar</i>, <i>bevaringsmål</i> og <i>forvaltingsmål</i>. Dette er ein innfallsvinkel i naturforvaltninga som skal sikre ei meir presis forvaltning av naturvernområda i Noreg.</p> <p>Eit viktig element i planen er å ta stilling til kva slags skjøtsel og tiltak vi vil prioritere i verneområdet i åra framover. Informasjonsflyt mellom forvaltning, brukarar og grunneigarar er viktig. Det er òg eit mål for oss at kunnskapen om Fedjemyrane skal gjerast tilgjengeleg for allmenta.</p> <p>Forvaltingsplanen vart vedtatt den 15.12.2016. Den bør rullerast innan 10 år.</p>	
<p>Referanse:</p> <p>Fylkesmannen i Hordaland, 2017. Forvaltingsplan for Fedjemyrane landskapsvernområde. - MVA-rapport 2/2017.</p>	
<p>Emneord:</p> <p>Landskapsvern, våtmark, kystlynghei, forvaltingsplan, bevaringsmål</p>	
<p>Fylkesmannen i Hordaland Miljøvern- og klimaavdelinga Postboks 7310 5020 Bergen fmhopostmottak@fylkesmannen.no</p>	

Kart og nøkkeldata for Fedjemyrane landskapsvernområde



Vernetidspunkt	Areal	Kommune	Forvaltingsstyresmakt:	Oppsyn
15. desember 1995	835 da	Fedje	Fylkesmannen i Hordaland	Statens naturoppsyn, Bergen

Verneformål

Å verne eit nokså urørt våtmarksområde med både landskapsmessige og kulturhistoriske kvalitetar, med hekkefunksjon for fleire sjeldne fugleartar og som ligg i trekkruta langs Vestlandskysten.

Forord

Fylkesmannen i Hordaland er forvaltingsstyresmakt for Fedjemyrane landskapsvernområde og har ansvar for å utarbeide ein forvaltningsplan for verneområdet. Vi ønskjer med denne planen å presisere kva som er måla våre for området, og kva slags skjøtsel og tiltak vi ønskjer å prioritere i åra framover.

Forvaltningsplanen skal gjere opp status for verneområdet og klargjere og utfylle vernereglane i verneforskrifta. Den gir ikkje nye avgrensingar ut over det som er vedtatt i verneforskrifta.

Oppstartmelding og høyringsutkast vart sendt til grunneigarar, aktuelle offentlege etatar og lokale lag og organisasjonar, og vi fekk mange gode innspel.

Forvaltningsplanen er utarbeidd av Solveig Kalvø Roald og Jørgen Aarø ved miljøvern- og klimaavdelinga til Fylkesmannen i Hordaland.

Vi ønskjer å takke alle som har kome med informasjon og innspel til forvaltningsplanen. Dette gjeld særleg tilsette i Fedje kommune, grunneigarar og naboar til verneområdet.

Bergen, 17.11.2017

Innhald

Forord	5
Innhald	7
1. Innleiing	9
1.1 Juridiske rammer for planen	9
1.2 Kunnskapsstatus.....	10
2. Verneverdiar og historie	11
2.1 Natur- og kulturhistoriske verdiar	11
3 Trugsmål, planlagde tiltak og skjøtsel	16
3.1 Kystlyngheia er i dårleg hevd.....	16
3.2 Framande artar.....	19
4 Enkel besøksstrategi	22
4.1 Mål med besøksforvaltinga	22
4.2 Dei besøkande	22
4.3 Dagens situasjon.....	22
4.4 Tilrettelegging for besøkande	23
4.5 Sykling.....	25
4.6 Informasjon	25
4.7 Hjortejakt.....	26
4.8 Tiltak	29
5 Oppsummering av mål og planlagde tiltak	29
6 Oppsyn og administrasjon	31
6.1 Forvaltning av Fedjemyrane landskapsvernområde	31
6.2 Statens naturoppsyn	31
7 Kjelder	32

1. Innleiing

Fedje kommune ligg lengst nordvest i Hordaland, og grensar mot Nordsjøen i vest, mot Fensfjorden i aust og søraust og mot Fedjeosen i sør. Kommunen består av øya Fedje og ei rekkje mindre øyar.

Fedjemyrane landskapsvernområde ligg litt mot vest, sentralt på hovudøya. Det inneheld ein mosaikk av kystlynghei, myrar og vatn, og har eit areal på på 835 dekar, der 721 dekar er landareal.

Området vart verna den 15. desember 1995 som ein del av verneplan for våtmark i Hordaland. Føremålet med vernet er å ta vare på eit nokså urørt våtmarksområde med både landskapsmessige og kulturhistoriske kvalitetar, med hekkefunksjon for fleire sjeldne fuglearter og som ligg i trekkruta langs Vestlandskysten.

Fedjemyrane er det einaste av i alt 20 verneområde for våtmark i Hordaland som er verna som landskapsvernområde. Dette er ei mindre restriktiv verneform enn naturreservat, og passar for eit område som i all hovudsak er resultat av menneskeleg aktivitet gjennom fleire tusen år. Bevaring av landskapsbilde og landskapsoppleving står sentralt ved oppretting av landskapsvernområde.



Fedjemyrane landskapsvernområde si plassering på Fedje.

1.1 Juridiske rammer for planen

Vern av norsk natur blir gjort i medhald av naturmangfaldlova. Alle verneområde får ei eiga forskrift som seier kva som er formålet med verneområdet, og set rammer for bruk, ferdsel og tiltak innanfor vernegrensa. Fedjemyrane er eit landskapsvernområde med fuglelivsfreding, som er verna på grunnlag

av både natur- og kulturhistoriske kvalitetar. Denne verneforma er aktuell mellom anna for å ta vare på område med kulturbetinga naturtypar, det vil seie område som krev aktiv skjøtsel og bruk for å ta vare på verneverdiane. For å sikre at verneverdiane blir ivaretatt på ein god måte kan det utarbeidast ein forvaltingsplan som skildra verneverdiane, brukarinteressene, eventuelle trugsmål og forvaltinga sine mål for området. Planen har ikkje juridisk verknad utover rammene som er fastsett i verneforskrifta, men skal virke utdjupande og presiserande i høve til denne.

I følgje § 7 i naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 ligge til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfaldet. Vurderingane skal kome fram av vedtaket. Dei miljørettslege prinsippa ligg til grunn for denne planen, og vi har gjort desse vurderingane der det er aktuelt.

Oppstartsmelding for planarbeidet vart sendt ut 12.06.2015, og vi hadde eit ope informasjonsmøte om planarbeidet i samfunnshuset på Fedje den 05.11.2015. I etterkant av møtet har vi hatt møter med representantar frå kommunen og Fedje beitelag.

1.2 Kunnskapsstatus

Fedje er ei lita øykommune med ei interessant og velstudert naturhistorie. Peter Emil Kaland, Mons Kvamme og fleire andre vegetasjonshistorikarar har gjennomført studiar på Fedje. Vi veit difor mykje om korleis lynghiene og terrengdekkande myrar har blitt danna gjennom 4000 år med drift og bruk av landskapet. Denne kunnskapen er godt summert opp i bøkene *Naturhistorisk vegbok* (Helland-Hansen 2005) og i *Fedje: Kulturhistorisk vegvisar* (Kaland 1995).

I 1978 tok Øivind Olsnes til å studere fuglelivet på Fedje, og saman med Morten Gullaksen og Oddgeir Handeland publiserte dei i 1984 eit omfattande samandrag av fuglefaunaen her ute (Olsnes 1984). Dette inspirerte fleire ornitologar til å oppsøke Fedje og gjennomføre meir målretta registreringar. Dei ornitologiske studia var eit viktig grunnlag for at området blei verna i 1995 (Fylkesmannen i Hordaland 1991).

I samband med verneprosessen blei det òg utarbeidd ei utgreiing av Zooforsk, Universitetet i Bergen (Håland 1992). Her blei det gjort ei vurdering av området sin verneverdi, og ei vurdering av avgrensinga til verneområdet.

Det er blitt peika på at kunnskapsgrunnlaget for fuglelivet i verneområdet er gammalt. Vi har ein intensjon om å få gjort ei vurdering av dagens status i løpet av 2018. Dette vil kunne vere eit interessant grunnlag for å vurdere ev. endringar som følgje av dei skjøtselstiltaka som no blir iverksett i verneområdet.

Viltet på Fedje er skildra i ein viltrapport for Fedje frå 2003 (Byrkjeland & Overvoll 2003). Kartlegginga gjeld for heile kommunen, men mykje er òg relevant for verneområdet. Størsteparten av feltarbeidet blei gjennomført i 2001-2002, og ein del har nok endra seg sidan då. Dette er likevel den mest oppdaterte kartlegginga vi har. I tillegg har vi nytta tilgjengelege arts- og naturtypedata frå Artskart¹ og Naturbase².

I tillegg til dei aktuelle rapportane og publikasjonane frå Fedje har vi fått inn verdfulle innspel til oppstartsmeldinga og etter oppstartsmøtet. Spesielt har Fedje kommune bidratt med viktige innspel

¹ <http://artskart.artsdatabanken.no>

² <http://www.naturbase.no>

om bruken av området og tiltak som dei ønskjer å få gjennomført. Til saman utgjer dette kunnskapsgrunnlaget for denne planen, jamfør kravet til kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova § 8. Vi meiner at dette er eit godt grunnlag for å utarbeide ein forvaltingsplan for området, og føre-var-prinsippet blir tillagt lite vekt i arbeidet med planen.

2. Verneverdiar og historie

2.1 Natur- og kulturhistoriske verdiar

2.1.1 Landskapet er forma av lang tids bruk

Det skoglause landskapet med lynghei og myr som pregar Fedje i dag, er i hovudsak resultat av menneskeleg påverknad gjennom dei fleire tusen år. Vegetasjonshistoria på Fedje er rekonstruert ved å analysere pollen og andre planterestar frå kjerneprøvar frå myrar. For om lag 4000 år sidan var øya dels skogkledt i aust, med open grashei og myrar i vest (Brekke, 1995). Ein auke i trekolstøv og pollen frå røsslyng og andre beiteplantar for om lag 4000 år sidan viser starten på prosessen med å rydde skogareal til beiteland på Fedje. Denne prosessen varte fram til for om lag 2000 år sidan, då var heile Fedje omgjort til beiteland.

For å gje betre vinterbeite blei lyngen svidd jamleg, og dette, kombinert med beitepress og sterk vind, har halde området skoglaut fram til slutten av 1900-talet. Det har vore samanhengande lyngheidrift på Fedje frå yngre steinalder og fram til då.

Med fråvær av skog fekk torvmyrane på Fedje utvikle seg, og behovet for brensel førte etter kvart til omfattande uttak av torv frå myrane. Frå 1875 til om lag 1920 dreiv Fedje torvkompani kommersiell utvinning av torv frå dei store teppemyrane sør på øya, med høgast aktivitet gjennom den fyrste verdskrigen. Produksjonen var så stor at det blei bygd skinnegang til utskipingshamna ved Stormark, men økonomien i verksemda var ikkje betre enn at torvuttaket etter kvart tok slutt. Etter at den kommersielle utvinninga var over heldt folket på Fedje fram med å ta ut torv til eige bruk. Først i 1955, då elektrisiteten nådde kommunen gjennom ein sjøkabel, vart torva utkonkurert (Helland-Hansen, 2005). Dei gamle torvtaka er synlege mange plassar på Fedje, og enkelte plassar var uttaket så stort at bart fjell kom i dagen.

Saman har torvuttaket og lyngheidrifta skapt landskapet som er på Fedje i dag. Det opne landskapet har stor landskapsmessig og kulturhistorisk verdi.

2.1.2 Kystlynghei

Landskapet i Fedjemyrane landskapsvernområde er i all hovudsak ein mosaikk av myr og kystlynghei. Røsslyng er dominerande, og plantelivet er ikkje spesielt rikt. Vegetasjonsgeografisk høyrer Fedje til den såkalla boreonemorale vegetasjonssona (Moen, 1998), i sterkt oseanisk seksjon. Sjølv om her er vêrhardt, er ikkje sesongvariasjonane så store som i innlandet.

Kystlyngheia er røsslyngdominert vegetasjon som er forma av brenning og beite. Naturtypen finst i dei ytre kyststroka, i eit vintermildt og fuktig klima. I heile utbreiingsområdet er naturtypen i sterk tilbakegang. Kystlynghei er vurdert som sterkt trua både i Europa og i Norge, og fekk i 2015 status som utvald naturtype etter naturmangfaldlova.

Kystlyngheiene dekker store areal av verneområdet, ofte i mosaikk med myr. Dette er særleg karakteristisk for vestsida av området. Mot aust går lyngheia gradvis over i flatare myrområde. Lyngheiområda er dårleg skjøtta. Mykje av lyngen er grovvaksen, forveda og har låg beiteverdi. Om denne lyngheia skal setjast i stand er det naudsynt med brenning.

I leskråningar er lyngen høgvaksen og nokre stader har einer og småtre av furu fått etablere seg. Lyngheia på Fedje er likevel lite attgrodd samanlikna med dei fleste stader i Nordhordland, til dømes i Austrheim. Det kan vere fleire grunnar til det. Klimapåkjeninga er større på Fedje, og med mykje vind og kjølig lokalklima tek det difor lengre tid før det opne landskapet veks til med buskar og tre. På Fedje er det dessutan større avstand til eksisterande skog, og dermed er ikkje kjelda til frø så lett tilgjengeleg som på fastlandet innanfor (Moe, 2003).



Figur 1. Spor etter tidlegare torvtaking. Foto: Solveig Kalvø Roald, 2.6.2016.



Figur 2. Gammal røsslyng og einer der skråningane ligg i le. Foto: Solveig Kalvø Roald, 17.2.2015.

Om kystlynghei

Kystlynghei består av åpne heier hvor det ikke vokser trær, men som er dominert av dvergbusker (lyng). Kystlyngheia er kulturmark som er formet gjennom flere tusen år med jevnlig avsviing av busker, rydding av skog og kratt, og dyr som går på beite året rundt. Kystlyngheier finnes i et bredt belte langs kysten fra Sørlandet til Lofoten (Nordland); bare i dette beltet er vintrene milde nok til at husdyra kan gå ute året rundt. Den viktigste arten (nøkkelarten) i kystlyngheier er røsslyng.

Kystlynghei omfatter åpne heipregete økosystemer, det vil si økosystemer dominert av dvergbusker uten et dominerende tresjikt, formet gjennom rydding av kratt og skog og flere tusen års hevd, først og fremst helårsbeiting og avsviing (lyngbrenning). Et vintermildt (oseanisk) klima er en forutsetning for helårsbeite, og derfor for utviklingen av kystlynghei. Kystlynghei forekommer derfor i et bredt belte langs kysten fra Kragerø i Telemark (kanskje også Hvaler i Østfold) til Lofoten i Nordland. Nøkkelarten i kystlynghei er røsslyng. Størstedelen av kystlyngheiarealet gror nå igjen som følge av at bruken har opphørt.

De norske kystlyngheiene er en del av det europeiske kystlyngheiområdet som strekker seg langs atlantisk kysten fra Portugal i sør til Lofoten (Nordland) i nord. Norge har verdens nordligste kystlyngheier. I Norge dekker kystlyngheiene de ytterste kystområdene med mildt vinterklima. Lyngheienes eksakte østgrense er vanskelig å trekke. Fremstad & Kvenild (1993) skriver at kystlynghei finnes fra Vest-Agder til Lofoten, mens Fremstad (1997) skriver at store sammenhengende lyngheiområder finnes øst til Portør- og Stabbestadhavøyene (Kragerø, Telemark) til Lofoten. Heier som overflatisk likner kystlyngheier, men hvis hevdhistorie ikke er avklart, finnes imidlertid så langt øst som til Hvaler (Østfold). Vi vet i dag at åpne kystlyngheier er et resultat av kystbefolkningens ressursbruk gjennom flere tusen år (Fremstad et al. 1991). Den vintergrønne lyngarten røsslyng, nøkkelarten som dominerer i kystlyngheia er, sammen med et mildt vinterklima (som gjør at husdyra kan gå ute året rundt), nødvendige forutsetninger for den tradisjonelle lyngheidriften og derfor også for kystlyngheiene. Med rett skjøtsel er røsslyngen ei brukbar fôrplante som tåler hardt beitepress. Brenning (lyngsviing), lyngslått og beiting var viktige elementer i tradisjonell hevd av lyngheiene.

Avskogingen som skapte det åpne kystlandskapet begynte allerede i yngre steinalder. Kystlyngheiene er en del av det tradisjonelle jordbrukslandskapet langs kysten, formet av kystbøndenes måte å livnære seg på; ved kombinasjon av sesongfiske og jordbruk. Jordbruksarealene var tradisjonelt sett delt inn i ei lita innmark og ei stor utmark. På innmarka ble det dyrket gras, korn og litt grønnsaker, mens kystlyngheiene i utmarka utgjorde en særdeles viktig beiteressurs som ble tatt godt vare på gjennom målrettet skjøtsel.

Den sterke arealreduksjonen for åpen kystlynghei som nå finner sted i Norge, er del av et mønster som gjelder hele Europas vestkyst. De viktigste årsakene til tilbakegangen er på den ene siden oppdyrking og på den andre siden opphør av bruk, ofte også tilplanting med skog. Det store presset på arealressursene langs kysten har dessuten medført tallrike fysiske inngrep; hus- og hyttebygging, oljeindustri, vindkraft og utbygging av samferdselsnett. Nitrogenforurensning truer heiområdene lenger sør i Europa og i det sørligste Norge, fordi sterk nitrogengjødsling favoriserer gras, særlig blåtopp i forhold til røsslyng (Fremstad et al. 1991) og gjør at kystlyngheiene over tid endrer seg i retning av grasheier. Når kystlyngheiene gror igjen, går biologiske og kulturhistoriske verdier tapt. Kystlyngheiene ble derfor karakterisert av Fremstad & Moen (2001) som sterkt truet.

De europeiske kystlyngheiene har mange fellestrekk. Røsslyng dominerer fra sør til nord, og er den viktigste beiteplanten i kystlynghei. Men det er også store regionale forskjeller, som skyldes klimavariasjon. I Norge endrer kystlyngheiene karakter fra sør til nord, fra vest til øst og fra lavland til høyreliggende områder (mot høyden går kystlynghei over i boreal hei, se avgrensingskommentar mellom kystlynghei og boreal hei). Arter som er vare for kulde finnes bare i sør og/eller vest, for eksempel purpurlyng som har nordgrense på Sunnmøre. Mer fuktighetskrevede arter, sammen med nordlige arter og fjellarter, øker nordover i Trøndelag og Nordland, for eksempel dvergbjørk, rypebær og greplyng. Innslaget av krekling i kystlynghei øker også mot nord. De nordligste kystlyngheiene er altså spesielle, og Norge har et spesielt ansvar for å ivareta disse verdens nordligste kystlyngheier.

Teksten er henta direkte frå Artsdatabanken, <http://www.artsdatabanken.no/NiN/Naturtype/208>

2.1.3 Terrengdekkande myr

Myrar som breier seg utover landskapet som eit teppe finn vi normalt i fjellområde med mykje nedbør og låge sommartemperaturar. I slike område er nedbørmengda so høg, og fordampinga so låg, at det kan dannast torv i bakkeskråningane og ikkje berre på flatene. På Fedje er nedbørmengda så låg at det normalt ikkje vil utvikle seg slike teppemyrer.

På Fedje er desse myrene eit resultat av fleire tusen år med lyngheidrift. Når skogen blei fjerna i yngre steinalder, for å betre vinterbeitet til husdyra, blei fordampinga frå landoverflata redusert. Dette førte til at marka vart vasstrekt og jordsmonnet blei så fuktig at det kunne dannast myrer.

Danning av teppemyr tek lang tid. Det går om lag 2000 år før myrvolumet blir stort nok til at myrdanninga skyt fart for alvor. Når myrene er 3500-4000 år gamle, slik dei er på Fedje, dekker dei landskapet. Denne langsame endringa har føregått på heile vestlandskysten der skogen blei fjerna. På Fedje var dei berre ekstra tidleg ute med å fjerne skogen (Helland-Hansen, 2005). Dette er altså av dei eldste lyngheiene vi har i Hordaland.

Det er òg denne torvdanninga som gav grunnlag for det massive uttaket av torv som har vore på Fedje. Dei terrengdekkande myrene har djup torv, og di djupare ein kjem ned desto betre vert torva. Nedst er det sokalla koltorv, som var den aller beste.

Store delar av myrane i området er påverka av torvuttaket, men enno er det nokre stader der det ikkje blei teke ut torv. Vest for Langevatnet er det bakkar som syner korleis det såg ut før dei starta med torvuttaket.



Figur 3. Mosaikk av terrengdekkande myr og fukthei vest i verneområdet. Foto: Solveig Kalvø Roald, 2.6.2016.

Myrane på Fedje er fattige fordi det er lite næring i den sure gneisen i berggrunnen. Nokre myrar er ekstra fattige på næringsstoff fordi dei har bygd seg opp med svært tjukk torv og høge tuer. Her kan torva ligge høgare enn grunnvatnet som er i kontakt med berggrunnen eller lausmassar under, og alt

som blir tilført av næring kjem frå nedbøren. Dette kallast ombrogen myr og er typisk der torvlaga er ekstra tjukke med høge tuer (Moe, 2003).

Nokre stader finst det også gjengroingsmyr, eller blautmyr, som ofte står i samband med små vatn og tjørn. Langs vatna veks det flytande matter som gradvis fyller opp tjørna med torv. Dersom vatnet ikkje er for djupt, vil det etter kvart bli heilt attgrodd og forsvinne (Moe, 2003).

Vatna og tjørna i området er stort sett næringsfattige, og er dominert av vanlege artar som tjønnaks, hesterumpe, flotgras og kvit nykkerose.

2.1.4 Rikt fugleliv

Fedje har fleire særpreg som har påverka dyrelivet på øya. Det viktigaste er at øya ligg isolert til, og få pattedyr er komne hit utan hjelp frå menneske. Den viktigaste dyregruppa på Fedje er fuglane, og kommunen har det høgste talet av ulike fugleartar registrert i fylket. Dette skuldast nok den geografiske plasseringa langs trekkruta langs kysten. Den isolerte plasseringa gjer at ein god del trekkfuglar vil mellomande på Fedje, før dei prøver å krysse Nordsjøen. (Overvoll, 2003)

Det rike fuglelivet knytt til våtmarkene i Fedjemyrane var eit viktig grunnlag for vernet. Tidlegare var dette eit viktig hekkeområde for våtmarksfugl, men relativt sjeldne artar som småspove, tjuvjo og smålom har forsvunne som hekkefuglar. Meir vanlege artar, som grågås, stokkand, krikand, siland, tjeld og enkeltbekkasin hekkar framleis i området.

2.1.5 Andre karakteristiske viltartar

Då området vart verna i 1995 var ikkje hjorten eit vanleg syn på Fedje. Med tida har Fedje fått ei lita hjortestamme, og sidan 2007 har det vore jakt på øya. På det meste vart det i 2010 registrert opp mot 30 dyr under vårteljinga, medan talet dei tre siste åra har vore under ti.

Ved starten av 1900-talet var oteren vanleg langs vassdrag i heile landet, bortsett frå i fjellet. Den verdfulle pelsen gjorde arten til eit ynda jaktobjekt, og ei statleg skotpremie gjorde at bestanden vart kraftig redusert mot midten av førre hundreår. Etter ratifisering av Bern-konvensjonen i 1982 vart arten totalfreda, men var då så godt som utrydda i Sør-Noreg. Oteren er for tida i ferd med å rekolonisere Hordaland, og dette skjer først i dei ytre kommunane nord i fylket. Mange observasjonar av oter frå heile Fedje dei siste åra tyder på at oteren no har etablert seg i kommunen.

Det blei sett ut 10 par villkanin på Fedje i 1875, og bestanden har overlevd her fram til i dag. Kaninane var etter alt å døme henta frå Shetland, og utsettinga var truleg den første av villkanin i Noreg. Villkanin er ein framand art, men står ikkje på svartelista. Arten er risikovurdert til kategorien låg økologisk risiko og blir ikkje sett på som ein problemart på Fedje. Bestanden er i dag liten og konsentrert sør på øya, til områda nær Stormark og på Fjellheim. Villkaninane var talrike på heile øya rundt 1950, men bestanden er no sterkt redusert. Det er spekulert i om bestandsnedgangen skuldast predasjon frå mink, ein annan framand art som er svartelista med svært høg økologisk risiko.

3 Trugsmål, planlagde tiltak og skjøtsel

3.1 Kystlyngheia er i dårleg hevd

Det er lenge sidan lyngheiene i Fedjemyrane blei skjøtta med eld og beitedyr. Som dei fleste plassar på Vestlandet gjekk denne driftsforma ut i løpet av 1900-talet. I takt med den økonomiske utviklinga, endra rammevilkår i landbruket og generelle samfunnsendringar er det blitt mindre interesse og behov for å nytte utmarksressursane på den tradisjonelle måten. Det største trugsmålet mot verneverdiane i Fedjemyrane er såleis manglande skjøtsel og tradisjonell bruk.

Både for dei landskapsmessige og kulturhistoriske kvalitetane vil attgroing av området vere negativt. Fedje ligg utsett til, så attgroinga skjer ikkje fort. Etter kvart vil likevel treslag som rogn, bjørk og osp få fotfeste i lyngheia. Vi ser at det veks til med einer i skjerma skråningar, og røsslyngen er gamal i område der eineren ikkje har etablert seg. I tillegg er det spreing av framande treslag frå området rundt. For å ta vare på landskapsverdiane i Fedjemyrane har vi som mål å gjenoppta skjøtsel av kystlyngheia i Fedjemyrane. Dette inneber jamleg brenning og beiting, gjerne med utgangarsau, og vi er avhengige av samarbeid med lokale bønder for å få dette til.

3.1.3 Brenning og beiting av lyngheia

I samarbeid med det lokale brannvesenet og Mons Kvamme brente Fylkesmannen i Hordaland i april 2016 om lag 10 daa mellom turvegen og Brurevatna nord-aust i området. Forsøket var vellukka og konklusjonen er at lyngbrenning kan vere ein effektiv metode for å ivareta verneverdiane i landskapsvernområdet over tid. Landarealet i verneområdet er om lag 722 daa og av dette er 339 daa rekna som grunnlendt mark og 371 daa rekna som myr. Det bør vere mogleg å gjennomføre brenning av heile landskapsvernområdet i løpet av ein ti års periode, og vi har dette som ei målsetting i planen.



Figur 4. Skjøtselsbrenning april 2016. Foto: Solveig Kalvø Roald, 12.4.2016.

Sjølv om lyngbrenning åleine vil bremse attgroinga vil det vere svært positivt å få i gang beiting med utegangarsau. Lyngheia er ein ressurs som kan utnyttast til beite dersom det finst vilje lokalt. Det er eit beitelag på Fedje som har vist interesse, og vi ønskjer å utvikle eit samarbeid med dei i løpet av planperioden. Vi legg stor vekt på å trekke inn krefter frå lokalt brannvesen, kommunen og lokale bønder. Målsettinga er å utvikle eit driftsopplegg som kan drivast vidare av lokale krefter og at beiteressursane i verneområdet blir utnytta.



Figur 5. Nye røsslyngspirar kjem opp same året som det har blitt brent. Foto: Solveig Kalvø Roald, 2.6.2016.

3.1.4 Blåtopp

I området som blei brent i 2016, såg vi allereie i juli same året små spirar av ung røsslyng, sjå figur 5. I nokre område såg vi òg at det kom opp mykje blåtopp (*Molinia caerulea*). Blåtopp er eit gras som kan bli dominerande til ulempe for røsslyngen, særleg i område med god nitrogentilgang. Dersom blåtopp får dominere kan kystlyngheiene over tid endre seg i retning av grasheier. Dette er uønskt i Fedjemyrane sidan vi ønskjer at området skal fungere som beiteområde for sau. Beitedyra må ha tilgang på gode beiteplantar heile året og her spelar røsslyng ei heilt sentral rolle.



Figur 6. Blåtopp som kjem opp der det er nybrent. Foto: Solveig Kalvø Roald, 2.6.2016.


For område som blei dominert av blåtopp er det kjent frå tidlegare at beitedyra blei tidleg sleppt på beite. Blåtopp blir beita best om våren, for når den blir eldre blir den fort for grov og blir vraka. For å unngå dominans av blåtopp i nybrente område er det derfor viktig å sette på beitedyr så raskt som mogleg. Beitetrykk på rundt 20 daa per utegangarsau har vist seg å gje god beiting av blåtopp (NLR, 2014). Dersom beite med sau ikkje er mogleg bør område med blåtopp slåast manuelt.

Bevaringsmål: I nybrente område skal det andre sommar etter brenning (tidleg juli), ikkje vere meir enn 1/4 dekning av blåtopp.

Oppfølging: Om det er for mykje blåtopp, bør beitepresset i området aukast tidleg neste vår. Om dette ikkje er mogleg bør området bli slått manuelt.

3.1.5 Gjerding

For å kunne ha beitedyr i området trengs det gjerde. Størsteparten av verneområdet og areala rundt vil kunne gjerdast inn om ein set opp om lag 1000 m med gjerde. I Figur 7 er strekningar som treng gjerde vist med raud strek. Desse linjene er omtrentlege og dette må tilpassast i terrenget når jobben skal gjennomførast.



Figur 7. Strekningar der det trengst gjerde er vist med raud strek.

For skjøtsel av areala i verneområdet kan vi søke om midlar som går til drift av verneområdet til tiltak for å få til skjøtsel her. Mellom anna kan vi søke om midlar til gjerding.

Når det skal settast opp gjerde må det takast omsyn til fuglelivet i området. Eit viktig prinsipp må vere å ikkje sette opp gjerde langs med vatn, slik at fugl blir gjerda vekk frå vatnet. Det bør og vere passasjer under gjerdet slik at fugl med jamne mellomrom kan komme seg under gjerdet, men dette må sjølvstøtt balanserast mot behovet for å halde små villsau innanfor gjerdet. Maskene må vere i ein storleik som ikkje medfører fare for at til dømes andefuglar set seg fast i gjerdet.

Der stien passerer gjerdet må det settast opp grind eller gjerdeklyv. Dette er truleg berre aktuelt nord for Brurevatna.

Ei utfordring knytt til det å ha beitedyr i dette området er at her fleire stader skal vere djupe renner i terrenget etter tidlegare torvuttak. Vi har ikkje oversikt over desse rennene og for å sikre at ikkje sau fell utfor bør område der det skal gå beitedyr undersøkast med tanke på dette. Det kan vere aktuelt å sette opp gjerde for å stenge av område som er særleg farlege.

3.1.6 Kystlynghei utanfor verneområdet

Med den gjerdinga som er tenkt vil areala vest for verneområdet òg bli inkludert i beiteområdet. Store delar av desse areala er registrert som kystlynghei i Naturbase. Kystlyngheia er vurdert til å ha B-verdi, då den har svak hevd. Beitedyr og brenning av areala vil kunne auke denne verdien. Kystlynghei er ein *Utvald naturtype* etter naturmangoldlova, og det vil vere svært positivt å få drift også av desse areala. Om desse areala blir skjøtta på tradisjonelt vis kan brukarane søkje Miljødirektoratet om midlar for skjøtselen. Ein finn meir informasjon om dette på Miljødirektoratet sine nettsider³.

3.1.7 Skjøtsel, beiting og grunneigarretten

Etter naturmangfoldlova § 47 kan forvaltingsmynden sette i verk skjøtselstiltak for å ivareta naturverdiane slik det var på vernetidspunktet. For Fedjemyrane landskapsvernområde vil dette innebere tiltak som lyngbrenning og fjerning av framande artar. Grunneigarane skal så vidt mogleg varslast på førehand når slike tiltak gjerast.

Tiltak som inneber hausting av utmarksressursar fell ikkje inn under denne definisjonen og krev samtykke frå grunneigaren. I denne samanheng gjeld det beiting og gjerding. Desse er privatrettslege tilhøve mellom grunneigarar og den som skal nytte retten. I dette tilfellet har Fylkesmannen ønskje om å inngå eit skjøtelsamarbeid med Fedje beitelag. Vi legg opp til at Fylkesmannen inngår avtaler med grunneigarane direkte, og samarbeider med Fedje beitelag om drifta. Grunneigarar vil få tilsendt informasjon om tiltaket og utkast til ein avtale, samstundes som planen går på høyring.

3.2 Framande artar

3.2.3 Spreiing av framande bartre

Leplantinga nord og aust for Brurevatna var allereie etablert då området vart verna. I feltet står både bergfuru, lerk og sitkagran.

³ <http://www.miljodirektoratet.no/>

Sitkagran er svartelista av Artsdatabanken⁴ og er registrert med svært høg spreingsrisiko, mykje på grunn av spreingsevna til kystlynghei. Sitkagran har potensiale til å endre landskapet totalt over tid dersom det ikkje blir sett i verk tiltak mot spreing. Så lenge lyngheia ikkje blir brent og beita vil spreing av sitkagran vere eit problem. Statens naturoppsyn har fleire gonger fjerna oppslag inne i landskapsvernområdet.

Lerk er og registrert som ein svartelista art med svært høg spreingsrisiko. Den produserer rikeleg med kongler allereie etter ca. 20 år, og langdistansespreing på opne areal kan være stor. Vurderinga til svært høg risiko skuldast primært forventa negative effektar i kystlynghei.

Bergfuru har ikkje den same spreingsevna som sitkagran og lerk, men vil i trelause og næringsfattige område ha store moglegheiter for spreing og etablering ut frå leplantingar og vernebelte. Bergfuru er nøysam når det gjeld jordsmonn og klima. Det går fleire år mellom kvart frøår, og spireevna er variabel. Spreingsevna er derfor avgrensa.

Vi legg opp til at jamleg brenning og beitedyr i lyngheia skal hindre vidare spreing av desse treslaga inn i verneområdet. Uansett vil overvaking av spreing av framande treslag ligge inne som eit fast oppdrag for Statens naturoppsyn.



Figur 8. Venstre: Bergfuru. Høgre: Lerk. Foto: Solveig Kalvø Roald, 2.6.2016.

3.2.4 Mink

Mink er ein nordamerikansk art som er svartelista av Artsdatabanken med svært høg risiko⁵. Viltlevande mink i Noreg stammar frå rømte individ frå pelsdyroppdrett, og i løpet av 50- og 60-talet var arten etablert i det meste av landet. Arten er knytt til både salt- og ferskvatn og er registrert i

⁴ www.artsdatabanken.no/fremmedearter

⁵ www.artsdatabanken.no/fremmedearter

Fedjemyrane og elles på Fedje. Sjølv om hovuddietten til mink er fisk, kan han ta både fugl, egg og fugleungar. Minken er difor eit trugsmål mot fuglelivet, og uønskt i norsk natur.

På grunn av isolert lokalisering og lite areal er Fedje valt ut som eit prioritert område for fjerning av mink i Hordaland. Statens naturoppsyn har dei siste åra vore i land både på hovudøya og på dei andre øyane i Fedje kommune. Målet er at minken skal utryddast heilt frå Fedje kommune i løpet av dei neste åra. Dette vil innebere søk etter mink og uttak òg i sjølve landskapsvernområdet.



Figur 9. Sitkagran som har spreidd seg frå léplantasjen nord for Brurevatna. Foto: Solveig Kalvø Roald, 12.4.2016

Tabell 1. Tiltak knytt til bevaring av verneverdiane i landskapsvernområdet

Tiltak	Ansvarleg for gjennomføring	Kostnad	Tidspunkt
Gjerding	Fylkesmannen i Hordaland/Fedje beitelag	kr 100 000	2017
Brenning av lyngheia i heile verneområdet	Fylkesmannen i Hordland/Fedje beitelag	?	2017-2027
Forsøk med lyngbrenning, kartlegging av beiteressursane og lokal kompetanseutvikling om lyngheidrift	Fylkesmannen i Hordaland/Fedje beitelag	?	2017-2022
Uttak av mink	Statens naturoppsyn	kr 250 000	2017-2019
Fjerning av framande treslag	Statens naturoppsyn	?	Løpande

4 Enkel besøksstrategi

4.1 Mål med besøksforvaltninga

Målet med besøksstrategien er å kanalisere ferdsel gjennom landskapsvernområdet, opne for nye brukargrupper og legge til rette for formidling om natur- og kulturverdiane i Fedjemyrane landskapsvernområde. All tilrettelegging skal skje med omsyn til fuglelivet, landskapet og kulturhistoriske kvalitetar.

4.2 Dei besøkande

Fedjemyrane landskapsvernområde er stort og ligg sentralt på Fedje. Det er sånn sett naturleg at det er knytt brukarinteresser til området, først og fremst som turområde for innbyggjarane på øya. Det finst ikkje konkrete tal på kor mange som nyttar turstiane gjennom verneområdet, men omfanget vil uansett vere avgrensa i ein øykommune med under 600 innbyggjarar. Med dagens ferdselstrykk og tilstanden i verneområdet, meiner vi at det ikkje er naudsynt å gjennomføre nye ferdselsundersøkingar for å kunne utvikle ein besøksstrategi. Kunnskapen som ligg til grunn for besøksstrategien er gjort reie for i kapittel 1 i forvaltingsplanen, jf. naturmangfaldlova § 8.

4.3 Dagens situasjon

Fedjemyrane er eit landskapsvernområde med fuglelivsfreding, og vart verna gjennom våtmarksverneplanen i Hordaland. Fuglelivet var eit viktig grunnlag for vernet, mellom anna på grunn av at fleire relativt sjeldne fugleartar hekka her. Over tid har naturkvalitetane i området tapt seg i verdi, både fordi lyngheia er gått ut av drift og fordi relativt sjeldne hekkefuglar som smålom og småspove er gått ut. Framleis er det bra med meir vanlege hekkefuglar som grågås, ender og fleire vadefuglar. Det er sett i gang arbeid for å restaurere lyngheia ved hjelp av brenning, og det er aktuelt å ha sau på beite i området.

Ferdsla i verneområdet er i hovudsak knytt til Nordsjøløypa, som kryssar verneområdet to stader. Den eine stien kryssar verneområdet heilt i nordvest og denne held ein enkel standard med kloppar i fuktige parti. Stien går for det meste på utsida av verneområdet heile vegen frå Fyrsundet i sør og til Træneset i nord, med avstikkarar inn i området.

Den andre stien går frå parkeringsplassen ved Stormarkvegen, gjennom verneområdet i nordaust, og fram til Træneset. Denne strekninga er svært mykje brukt av innbyggjarane på Fedje og er det einaste tilrettelagte turområdet i kommunen. Her er stien gruslagt frå Stormarkvegen og inn til vernegrensa, og vidare går det sti med kloppar til Træneset.

Det har vore ei auke i turgåing i marka etter at stiane vart merka midt på 90-tallet. Kommunen har inntrykk av at bruken av stien i nordaust har auka ytterlegare etter at denne vart grusa fram til vernegrensa. Den auka bruken har ført til ein del slitasje på stien frå vernegrensa og innover i området.

Utanom turgåing på stiane er bruken av området stort sett nytta til vanleg friluftsliv, som bærplukking, sporadisk fiske i nokre av vatna og tidvis til skøytegang.



Figur 10. Dagens standard på stiane gjennom landskapsvernområdet. Foto: Solveig Kalvø Roald, 2.6.2016.

4.4 Tilrettelegging for besøkande

Kommunen ønsker å forlengje grusstien nordaust i verneområdet. Det finst ikkje andre tilrettelagde turområde på Fedje, dette er den lettast tilgjengelege stien og eit naturleg utgangspunkt for tur i lyngheia. Rørslehemma, eldre og rullestolbrukarar har i dag ingen alternativ for turar i utmarka, utanom det korte strekket frå parkeringsplassen ved Stormarkvegen og fram til vernegrensa.

Standarden er tenkt som ein jamn grussti på om lag 150 cm breidde. Først blir det lagt fiberduk i botn, så eit lag med pukk og til slutt grus på toppen. Der det er trong for å leie vatnet på tvers av stien blir det lagt røyr under. Det er snakk om eit strekk på om lag 185 meter frå vernegrensa og inn i landskapsvernområdet, fram til eit utkikkspunkt med ein benk som står på plassen i dag.

Tiltak som kan vesentleg endre eller innverke på landskapet sin karakter er forbode etter verneforskrifta kap. IV punkt 1. Naturmangfaldlova § 48 opnar for å dispensere frå vernereglane når tiltaket ikkje strir mot verneformålet og det ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Formålet med Fedjemyrane landskapsvernområde er å verne eit nokså urørt våtmarksområde med hekkefunksjon for fleire sjeldne fugleartar, og som ligg i trekkruta langs Vestlandskysten.

Det er høg terskel for å tillate denne typen inngrep i verneområde, og ettersom Fedjemyrane er eit landskapsvernområde med fuglefreding, skal omsynet til fuglelivet vege tyngst. Etter prøvebrenning av lyngheia i 2016 har vi erfart at det er blitt lettare å ta seg fram i dei nybrente områda. Der det tidlegare var tett med einer, er det no tørre og opne parti. Betre tilrettelegging av stien kan dermed bidra til å kanalisere ferdsla, og gjere det mindre fristande å bevege seg ut i terrenget utanom stiane.

Føreseieleg ferdsel langs ein fastlagt trasé er mindre forstyrrende for hekkande fugl, og dette kan ein godt tilrettelagt tursti bidra til.

I dag er stien klopplagt i fuktige parti, men ikkje farbar for rørslehemma, eldre og andre grupper med redusert mobilitet. Stien er såpass kupert at andre formar for tilrettelegging er lite hensiktsmessig. Ein kombinasjon av klopper, små trebruer og utjamning av stien vil truleg verke like inngripande som den planlagde grusstien. Gruslegginga av stien frå parkeringsplassen og fram til vernegrensa er utført på ein lite sjenerande måte og stien held ein enkel standard. For å vere best mogleg tilrettelagt for bruk med rullestolar meiner vi at breidda på 150 cm er akseptabel. Sidan grusstien blir kort, følgjer ein allereie etablert sti, og er planlagt i utkanten av eit stort verneområde, meiner vi at tiltaket vil ha avgrensa innverknad på landskapet sin karakter. Landskapsvernområdet er del av eit større, urørt myr- og lyngheiområde som dekkjer heile søre Fedje. Hekkande fuglar har store areal tilgjengeleg sør i området og grad av forstyrning i hekketida vurderast å vere låg. Gruslegging av turstien vil i liten grad bidra til å auke den samla belastninga dette økosystemet er utsett for, jf. naturmangfaldlova § 10. Vi meiner difor at tilrettelegging for ferdsle i det aktuelle området ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig. Vi vektlegg òg at det her blir tilrettelagt for universell utforming, at nye brukargrupper kan kome seg på tur og at det ikkje finst andre, tilrettelagte turområde på Fedje. På grunnlag av dette vil vi opne for tilrettelegging av turstien frå Stormarkvegen, i tråd med søknad frå Fedje kommune.

Kommunen har signalisert at det per i dag ikkje er aktuelt med vidare tilrettelegging til Træneset for å lage ei rundløype gjennom landskapsvernområdet. Terrenget ved Træneset er for kupert og vil krevje større inngrep enn berre å gruse stien. Dersom det likevel skulle bli aktuelt med vidare tilrettelegging i Fedjemyrane, må dette skje som ei vidareføring av den nordaustlege traséen, medan den lengre, vestre traséen haldast i dagens enkle standard.



Figur 11. Endepunktet for den planlagde grusvegen og potensielt informasjonspunkt om lyngheidrift og vegetasjonshistoria på Fedje. Foto: Solveig Kalvø Roald, 2.6.2016.



Figur 12. Grusstien frå parkeringsplassen og fram til vernegrensa framstår som lite inngripande og vil gjere Fedjemyrane tilgjengeleg for nye brukargrupper. Foto: Solveig Kalvø Roald, 2.6.2016.

4.5 Sykling

Med forlenging av grusvegen er det mogleg at det blir auka interesse for å sykle dette strekket. På synfaringar i området har vi registrert nokre ungar som sykklar den delen som er gruslagt inn mot vernegrensa. Sykling er i utgangspunktet tillate i verneområdet og per i dag ser vi ikkje på dette som eit problem for fuglelivet.

4.6 Informasjon

I dag er det tre informasjonspunkt ved innfallsportane til Fedjemyrane. Det eine er heilt i sør der Nordsjøløypa startar ved Fjellheim, det andre heilt i nord på Træneset, og det siste langs grusstien i nordaust. Alle plassar vart det sett opp nye informasjonspakatar i 2014, men desse følgjer den gamle designmalen til norske verneområde. Vi vil oppdatere informasjonspakatane ved Fjellheim og ved grusstien til den nye malen, og dessutan etablere eit nytt informasjonspunkt ved enden av grusstien inne i verneområdet. Informasjonspunktet på Træneset blir avvikla.



Figur 13 og 14. Gamle informasjonspunkt ved grusstien (venstre) og Fjellheim (høgre). Foto: Ragni Nordås

Ved innfallsportane i sør og aust vil vi ha store informasjonsskilt i 700 x 1000 mm liggjande format. Plakatane vil ønskje velkomen til området ha eit enkelt oversiktskart over søre delen av Fedje, og litt enkel informasjon om verneverdiane. Alle informasjonspunkt vil tilpassast det nye skiltssystemet for norske verneområde.

Ved enden av den nye grusstien inne i verneområdet vil vi ha ein temaplakat som seier litt meir om den skjøtselsaktiviteten som er sett i gang. Plakaten inneheld enkel informasjon om vegetasjonshistoria på Fedje og behovet for lyngbrenning og beiting. Skjøtselsaktiviteten i Fedjemyrane blir lett synleg frå det nye informasjonspunktet og sidan grusstien endar her vil dette vere ein eigna plass for formidling om naturverdiane, og skjøtselsaktiviteten i verneområdet.

4.7 Hjortejakt

Sidan 2007 har det vore opna for hjortejakt på Fedje. Storviltjakt var nok ikkje tema då Fedjemyrane vart verna i 1995 og verneforskrifta opnar ikkje for jakt i verneområdet. I kap IV punkt 3 heiter det at «Jakt, fangst, bruk av skytevåpen samt slipp av hund er forbode». Etter hjorteviltforskrifta kan verneområdet heller ikkje inngå i det teljande arealet i eit vald, fordi det ikkje er høve til å nytte jaktretten i verneområdet.

Verneverdiane er knytt opp mot våtmark, myr og fuglelivet, og storviltjakt er etter vår vurdering ikkje i konflikt med verneformålet. Likevel kan vi ikkje opne for jakt i landskapsvernområdet så lenge verneforskrifta inneheld eit spesifikt forbod mot aktiviteten. Kommunen skriv i uttalen til forvaltingsplanen at dei ønskjer at vernereglane blir endra for å tillate storviltjakt. Fylkesmannen kan undersøke moglegheitene for dette i løpet av planperioden.

Fedjemyrane landskapsvernområde

Velkommen ut i lynchheia

Welcome to the heathlands

UTKAST

Landskapet på Fedje er forma av bruken gjennom 4000 år. Lynchbrenning og dyr på beite har skapt eit ope landskap med myrar og kystlynghei. Fedjemyrane er like attraktivt for fuglane som for turglade menneske.

Fedje ligg som ein værhard utpost ytst mot havet. Folk bur helst heilt nord og heilt sør på øya, og mellom dei små busetnadane er det samanhengande utmark med myrar, lynchhei og små og store vatn. Denne mosaikken er attraktivt for fuglane, både i hekketida og på trekk. Særlig grågjess og ender finn seg godt til rette i Fedjemyrane, og om våren og sommaren er det mykje liv i marka. Vadefuglane er godt representerte, og storspoven er eit vanleg syn her ute. Fedjemyrane er trua av attgroing, men lokale bønder har ønske om å ta opp att tradisjonell skjøtsel av lynchheia. Jamleg brenning og beiting vil bidra til å ta vare på naturkvalitetane, både for folk og fe.

The landscape on Fedje has been created by human activity during the last 4000 years. Coastal heathlands depend on periodic burning and sheep-grazing, which is the traditional way of farming in coastal Norway. The mosaic with heaths, mires, lakes and tarns are attractive to birds, especially ducks and geese. Many waders are well represented in Fedjemyrane, and the Eurasian Curlew is a common sight. To preserve the landscape, locals are now picking up the traditional way of farming in Fedjemyrane.

© Magnus Johan Steinevåg

© Solweig Kalve Roldal

© Solweig Kalve Roldal

© Kartverket (www.kartverket.no)
© Fylkesmannen i Hordaland 2017

© Frode Falkenberg

Fedjemyrane landskapsvernområde

Lynchbrenning i Fedjemyrane

Heathlands in the Fedje Marshes

UTKAST

Det ope landskapet i Fedjemyrane er forma av beiting og brenning av lynchheia dei siste 4000 åra. Skjøtsel er naudsynt for å ta vare på landskapet.

Tidlegare var heile kysten eit samanhengande lynchheilandskap. På Fedje byrja menneske å rydde skogen og drive landbruk så tidleg som for 4000 år sidan. Røsslyngen var ein viktig ressurs som hardføre sauer kunne beite på heile året. Jamleg brenning av lynchgen hindra attgroing og fornya beltene. Resultatet av denne driftsforma var eit ope landskap med ein mosaikk av graseng, lynchhei, myrar og knauser. Etter at lynchheidrifta opphøyde har lynchgen blitt grov, og området er i ferd med å gro att. Framover vil Fedjemyrane bli skjøtta med brenning og beiting for å ta vare på landskapet. Gjess, ender og mange andre fuglar vil nytte godt av eit landskap i god hevd.

The coastal heathlands used to dominate the Norwegian coast. On the Fedje Island, people started clearing forests to make grazing land as early as 4000 years ago. The heather became an important food-source for hardy sheep that would graze in the heathlands all year round. Today this practice is in decline, and the coastal heathlands in Fedjemyrane are becoming overgrown. This practice of burning and sheep-grazing is therefore important to preserve a threatened landscape.

© Magnus Johan Steinevåg

© Solweig Kalve Roldal

© Solweig Kalve Roldal

© Jørgen Aara

Figur 14. Øvst: Informasjon ved innfallsportane. Nedst: informasjon om verneverdiane og lynchbrenning ved nytt informasjonspunkt.



Figur 15. Kart som viser stiane gjennom Fedjemyrane landskapsvernområde, parkering og planlagde informasjonspunkt.

4.8 Tiltak

Tabell 2. Tiltak knytt til friluftsliv og informasjon i verneområdet.

Tiltak	Ansvarleg for gjennomføring	Tidspunkt	Kostnad
Gruslegge sti frå vernegrensa til utkikkspunkt	Fedje kommune	Haust 2017	Inntil kr 100 000 kan dekkast av tiltaksmidlar i verneområde frå Miljødirektoratet. Alt over dette må dekkast av Fedje kommune.
Etablere informasjonspunkt ved enden av grusvegen	Fylkesmannen i Hordaland	2018	30 000 kr. Dekkast av tiltaksmidlar i verneområde.
Oppsyn og vedlikehald av informasjonsskilt	Statens naturoppsyn	Løpande	Ordinær oppsynsverksemd
Oppdatere informasjonspunkt på Fjellheim	Fylkesmannen i Hordaland	2018	5000 kr. Plakat blir hengt rett på garasjeveggen.
Oppdatere informasjonspunkt ved Stormarkvegen	Fylkesmannen i Hordaland	2018	30 000 kr. Dekkast av tiltaksmidlar i verneområde.
Oppsyn og vedlikehald av tursti	Fedje kommune	Etter behov	Som tiltakshavar må Fedje kommune ta ansvar for vedlikehald av turstien.

5 Oppsummering av mål og planlagde tiltak

I planen er det lansert ei heil rekke målsettingar innanfor ulike tema. For å synleggjere prioriteringane i planen, har vi summert opp hovudlinjene under. I Fedjemyrane er det i all hovudsak tre tema som er aktuelle: Restaurering av lyngheia, bekjemping av framande artar, og besøksforvaltning.

Mål for restaurering av kystlyngheia:

- Verneverdiane i Fedjemyrane landskapsvernområde skal styrkast ved å restaurere kystlyngheia. All lynghei i verneområdet bør brennast innan 10 år.
- Skjøtsel skal skje i samarbeid med Fedje beitelag for å sikre lokal forankring og medverknad.
- Beiteressursane som blir tilgjengelege gjennom brenning av lyngheia bør kunne nyttast til utegangardrift.

Mål for bekjemping av framande artar:

- Oppslag av framande artar skal primært handterast gjennom tradisjonell drift av lyngheia.
- Mink skal utryddast frå Fedjemyrane og resten av Fedje kommune.

Mål med besøksforvaltninga:

- Ferdsla skal kanalisert langs stiane gjennom området.
- Det skal leggst til rette for ferdsle for rørslehemma og eldre langs stien nordaust i området.
- Det skal leggst til rette for formidling om natur- og kulturverdiane i Fedjemyrane landskapsvernområde.
- All tilrettelegging skal skje med omsyn til fuglelivet, landskapet og kulturhistoriske kvalitetar.

Tabell 3. Oppsummering av alle tiltak i verneområdet.

Tiltak	Ansvarleg for gjennomføring	Kostnad	Tidspunkt
Gjerding	Fylkesmannen i Hordaland/Fedje beitelag	kr 100 000	2017
Brenning av lyngheia i heile verneområdet	Fylkesmannen i Hordland/Fedje beitelag	?	2017-2027
Forsøk med lyngbrenning, kartlegging av beiteressursane og lokal kompetanseutvikling om lyngheidrift	Fylkesmannen i Hordaland/Fedje beitelag	?	2017-2022
Uttak av mink	Statens naturoppsyn	kr 250 000	2017-2019
Fjerning av framande treslag	Statens naturoppsyn	?	Løpande
Gruslegge sti frå vernegrensa til utkikkspunkt	Fedje kommune	Inntil kr 100 000 kan dekkast av tiltaksmidlar i verneområde frå Miljødirektoratet. Alt over dette må dekkast av Fedje kommune.	Haust 2017
Etablere informasjonspunkt ved enden av grusvegen	Fylkesmannen i Hordaland	30 000 kr. Dekkast av tiltaksmidlar i verneområde.	2018
Oppsyn og vedlikehald av informasjonsskilt	Statens naturoppsyn	Ordinær oppsynsverksemd	Løpande
Oppdatere informasjonspunkt på Fjellheim	Fylkesmannen i Hordaland	5000 kr. Plakat blir hengt rett på garasjeveggen.	2018
Oppdatere informasjonspunkt ved Stormarkvegen	Fylkesmannen i Hordaland	30 000 kr. Dekkast av tiltaksmidlar i verneområde.	2018
Oppsyn og vedlikehald av tursti	Fedje kommune	Som tiltakshavar må Fedje kommune ta ansvar for vedlikehald av turstien, moglegvis delfinansiert av Fylkesmannen i Hordaland.	Etter behov
Registrering av fuglelivet i verneområdet	Fylkesmannen i Hordaland, NOF		2018

6 Oppsyn og administrasjon

6.1 Forvaltning av Fedjemyrane landskapsvernområde

Fylkesmannen i Hordaland er forvaltningsmynde for verneområdet. Vi skal forvalte området i tråd med verneforskrifta og eventuelt sette i verk tiltak for å sikre verneverdiane, dersom tilhøva tilseier at det er naudsynt. Det er Fylkesmannen som handsamar søknadar om dispensasjon frå verneforskrifta og vi kan gi utfyllande retningslinjer om forvaltning og skjøtsel gjennom forvaltningsplanen. Som forvaltningsmynde har Fylkesmannen vidare ansvar for informasjon til grunneigarar, rettshavarar og ålmenta, samt skjøtsel, registrering og dokumentasjon av naturverdiar.

Miljødirektoratet sitt rundskriv om forvaltning av verneforskrifter (M106-2014) gir retningslinjer for saksbehandlinga ved søknader om dispensasjon frå verneforskrifta.

Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal ligge til grunn for all utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfaldet.

6.1.3 Dispensasjon frå vernereglane

Alle aktivitetar i naturreservatet som ikkje er heimla i punkt V eller VI i verneforskrifta krev dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48. Fylkesmannen kan gi dispensasjon frå vernereglane dersom tiltaket ikkje strir mot verneformålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn og omsynet til vesentlege samfunnsinteresse gjer det nødvendig. Søknad må vere skriftleg og skal innehalde nødvendig dokumentasjon om kva verknad tiltaket kan ha på verneverdiane.

Terskelen for å gi dispensasjon til inngrep som ikkje er heimla i verneforskrifta skal vere høg og omsynet til verneverdiane skal vege tyngre enn andre interesser, jf. forarbeida til lova (Ot.prp. nr. 52 2008-2009).

6.2 Statens naturoppsyn

Statens naturoppsyn (SNO) avdeling Bergen har ansvar for oppsyn i Fedjemyrane landskapsvernområde. Hovudoppgåva til naturoppsynet er å sjå til at vernereglane for området blir følgde. Naturoppsynet har avgrensa politimynde etter dei sju miljølovene; friluftsløva, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminneløva, viltlova, lakse- og innlandsfiskeløva og delar av forureiningslova. I tillegg til kontrolloppgåvene etter desse lovene, skal oppsynet på oppdrag frå fylkesmannen drive rettleiing og informasjon, skilting, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon. SNO driver òg uttak av mink og bekjemping av framande artar i verneområdet.

Fylkesmannen har også ei rettleiingsplikt når det gjeld verneområdet. Difor kan Fylkesmannen kontaktast om ein lurar på noko, til dømes om ein treng søknad eller korleis ein sender inn ein søknad.

7 Kjelder

Byrkjeland, S. & Overvoll, O. 2003. Viltet i Fedje. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. - Fedje kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 9/2003: 43 s. + vedlegg.

Kaland, P. E. 1995. Øya med den hemmelighetsfulle fortida. I Brekke, N. G. (red.) 1995. *Fedje, kulturhistorisk vegvisar*. Nord 4, Bergen.

Fylkesmannen i Hordaland 1991. Utkast til verneplan for våtmark i Hordaland fylke.

Håland, A. 1992. Forekomst av fugl på Fedjemyrane, Fedje i Hordaland. Vurdering av området verdi og avgrensning av verneområde. - Zool. Mus., Univ. i Bergen, Utredning Terrestrisk Økologi nr. 7, 14 s.

Moe, B. 2003. Kartlegging og verdisetjing av naturtypar i Fedje. - Fedje kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 2/2003: 1-56.

Moen, A. 1998. *Nasjonaltlas for Norge: Vegetasjon*. Statens kartverk, Hønefoss

Helland-Hansen, W. (red.) 2005. *Naturhistorisk vegbok Hordaland*. Bergen museum og Nord 4.

Norsk Landbruksrådgjeving 2014. NLR Dalane, NLR Rogaland, Haugaland landbruksrådgjeving 2014. Beitetrykk i kystlynghei - produksjon av kjøtt - produksjon av landskap.

Olsnes, Ø. 1984. Fuglefaunaen på Fedje. - Krompen 13: 69-78.

Fylkesmannen i Hordaland

Besøksadresse:
Kaigaten 9, 5020 Bergen

Postadresse:
Postboks 7310, 5020 Bergen

Telefon: 55 57 20 00

E-post:
fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Org.nr: 974760665

ISBN: 978-82-8060-109-4
ISSN: 0804-6387